





ØRSTA KOMMUNE

Plan for førskuleopplegg - Lurivarkklubben Dalane barnehage





Plan for førskuleopplegg i Dalane barnehage - Lurivarklubben

Målsetting:

“Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgong frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.” (rp. s.33)

“Dei eldste borna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen” (rp. s.33)

Denne planen beskriv korleis vi gjer det i Dalane barnehage.

Vi har Lurivarklubb to dagar i veka der den eine dagen er turdag.

Frå borna startar i barnehagen, har vi fokus på sjølvstende. Vi utfordrar borna og stimulerer til utvikling, men verdien i å gjere det, ligg i dei erfaringane og kunnskapen borna får i dag. Dette vil borna ha nytte av når dei startar på skulen og seinere i livet. Ivar Aasen, Aasentunet og nynorsk skriftspråk har vore inspirasjonskjelde til innhald og namn på førskuleopplegget vårt. Namnevalet heng også i hop med at borna lurar på mykje rart og i Lurivarklubben utforskar born og vaksne i lag. Borna skal få tid til å fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål. Innhaldet i Lurivarklubben skal vere i tråd med verdiplattforma vår og barnehagen sin profil skal vere synleg. Namnevalet er godkjend av dagleg leiar i Aasentunet.

Grunnleggande ferdigheiter

- gode vanar for hygiene, toalett, handvask
- gode vanar for måltid og bordskikk
- kle på seg etter vær, vind og temperatur
- ta imot beskjedar, lytte til andre, rette opp handa, vente på tur, ta ordet
- ta vare på bøker og materiell
- blyantgrep, klippe, lime
- samhandle: dele, hjelpe kvarandre, vise omsyn og empati

Skrivedans vil vere ein del av Lurivarklubben og dei tilsette har fått opplæring i skrivedans med fysioterapitenesta i Ørsta.

Skrivedans er eit program som handlar om innlæring av skriveførbuande rørsler; ikkje innlæring av bokstavar. Materiellet er utarbeida av Ragnhild Oussoren-Voors, som er skrivepedagog, skriftpsykolog og frafolog.

Målet med skrivedans er å skape ei sunn, flytande og samanhengande handskrift ved å kombinere pennen sine rørsler med dei grovmotoriske rørsleane ved hjelp av musikk, rytme, rim, leike- og fantasiteikningar. Skrivedans-metoden trenar også borna i å få oversikt over skriveflata, formene, bevegelsesrytma i ulike hastigheiter og få ei kjensle av

samanhengen mellom bokstavformene. Ved hjelp av dei grovmotoriske øvelsane får borna trening i avbalansering av kroppen, augene og begge hjernehalvdelane.

Fortsettelsesbok

Høgtlesing av nynorske bøker med vekt på gjenfortelling. Vi nyttar fortellarsete og fortellarstein der borna får øving i å ta ordet og fortelje kvar sin gong.

Samarbeid med skulane

Vi samarbeidar med Dalane skule og Åmås friskule om overgangen.

- Dalane skule: gymsal og måltid ein gong per månad, juleførestilling, spontane besøk
- Åmås friskule: regel-leikar på fotballbana eller på skulen, juleforestilling, nissebesøk, spontane besøk
- informasjonsmøte mellom pedagogisk leiar og kontaktlærar om einskildbarn
- innskriving, førskuledagar

Avslutningstur til Hakallegarden

Vi reiser med minibuss til Vanylven og besøkjer Hakallegarden. Der er mange ulike dyr og aktivitetar vi får vere med på.

Rosaruss

Vi markerar siste året i barnehagen med at borna får vere rosaruss. Dette skal vere ei enkel markering der borna lagar vennskaps-t-skjorte og barnehagen kjøper inn russehue.

Vi har russefest og får besøk av raudruss. Russetreff i lag med dei andre barnehagane i kommunen.

Russeknutar:

- rydde rundt barnehagen - konge
- lage ei teikning til styraren - binders
- rydde og støvsuge romet heime - ispinne

Russerop:

Rosaruss, rosaruss

hei, hei, hei

me er kjempesnill og grei

Dalane, Dalane, barnehagen vår

her har me leika i mange, mange år

Hurra!

Innhald:

Månad	Kva	Korleis
August	• oppstart av Lurivarklubben • omvisning i Aasentunet • skrivedans og fortsettelsesbok	avklare borna sine forventningar til klubben, avklare reglar saman med borna, samtale om vennskap
September	• undretur ute i Aasentunet med fokus på husa, arkitektur, bautaen, tunbjørka • skrivedans og fortsettelsesbok	teikne og fotografere ute, borna legg ut bileta på heimeside og facebook
Oktober	• kims leik, lotto • skrivedans og fortsettelsesbok • gymsal	nytte digitale verktøy: borna fotograferar, arbeidar med bileta på pc og lagar lottospel og kims leik
November	• barnekunstutstilling i Aasentunet, • skrivedans og fortsettelsesbok • gymsal	lese boka vi får tilsendt, lage formingsprodukt til utstillinga
Desember	• lage julegåve • julespel på Lucia-markeringa	teikne seg sjølv på lerret øve på opptreden for foreldra
Januar	• lytte ut lydar, bokstavar, tekstsaking, leikeskrift og teikning • former og fargar • vekt og mål • skileik • skrivedans og fortsettelsesbok • gymsal	lage bøker, samle ord gjennom bokstav- og ordjakt Verktøy: bruke Lotusdiagram for å sortere former og fargar baking forme bokstavar i grov bakst
Februar	• utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy • skileik • skrivedans og fortsettelsesbok • gymsal	lage digital fortelling med utgangspunkt i ei segn skileik i nærområdet/Bondalseidet
Mars	• Historia om Ivar Aasen og songen Mellom Bakkar og berg • "Bok, boks, bokstav" • skrivedans og fortsettelsesbok • gymsal	-dei vaksne formidlar Ivar Aasen sitt liv og arbeid gjennom dramatisering -synge -ta del på forestillinga som er ei gåve frå Ørsta mållag, ØK og Aasentunet

April	• Sivert Aarflot-museet • utforske verktøy og teknologi, boktrykking • tradisjonelle uteleikar • skrivedans og fortsettelsesbok	-besøkje Sivert Aarflot-museet der Ivar Aasen fekk interessa for lesing -trykkje namnet på russe-t-skjorte -skrive namnet på russehua -tradisjonelle uteleikar i lag med Åmås friskule
Mai	• statua i sentrum, hotell Ivar Aasen, • Ivar Aasen si plantesamling • herbarium,blomar, symre, • førskuledagar og rosaruss • tradisjonelle uteleikar • skrivedans og fortsettelsesbok	-vi har med skisseblokka på tur til sentrum - oppleve og utforske naturen /presse symra og andre blomar -borna blir invitert til førskuledagar på skulane -tradisjonelle uteleikar i lag med Åmås friskule
Juni	• tur til Høgetua • avslutningstur til Hakallegarden • tradisjonelle uteleikar • skrivedans og fortsettelsesbok	- bruke Venn-diagram til å samanlikne plantar -tradisjonelle uteleikar i lag med Åmås friskule
Juli	samordna ferie	Lukke til på skule

Planen er utarbeidd av reko-gruppe våren 2018.

Revidert 25.06.19

29.05.18 Ellinor Sætre